

Aukra kommune

Årsmelding 2006





Innleiing

Kommunelova § 48 pålegg kommunane å utarbeid årsrekneskap og årsberetning (årsmelding). Årsmeldinga skal gje opplysningar om verksemda utover opplysningane i årsrekneskapen, i tillegg til andre forhold som er av vesentleg betydning for kommunen. Årsmeldinga skal og gjere greie for likestillingsarbeidet i kommunen.

Årsmeldinga har i år fått ny layout, noko vi håper skal gjere ho lettare tilgjengelig for lesarane. Dokumentet er inndelt i fire hovuddelar, der politisk og administrativ leiing kommenterer året 2006 i kapittel ein. I kapittel to presenteras statistikk og fakta om kommunen, medan kapittel tre viser økonomiske oversikter og ei oversikt over status på dei store investeringane for 2006. I kapittel fire finn de einingane sine årsmeldingar med målsettingar, kommentarar på avvik, økonomisk resultat og statistikk.

For administrasjonen og politikanane skal årsmeldinga vere ei verktøy for oppfølging av målsettingane i årsbudsjettet, målsettingar som igjen er formulert ut frå økonomiplana og kommuneplana. For innbyggjarane i Aukra skal årsmeldinga informere om aktivitetar og resultatata i dei ulike einingane og investeringsprosjekta under ein million

Innhald

Kapittel 1	
Frå ordføraren.....	s. 2
Frå Rådmannen.....	s. 4
Medarbeidar og organisasjon.....	s. 6
Kapittel 2 Utviklingstrekk i Aukra	
Befolkning og næringsliv.....	s. 7
Kommunebarometer.....	s. 9
Kapittel 3 Økonomiske oversikter	
Investeringsrekneskapen.....	s.10
Driftsrekneskapen.....	s.11
Store investeringar.....	s.12
Kapittel 4 Rapport frå einingane	
Stab/støtte.....	s.15
Riksfjord skole.....	s.16
Julsundet skole.....	s.17
Barnebo barnehage.....	s.19
Bergetippen barnehage.....	s.21
Oppvekst og kultur.....	s.22
Pleie og omsorg.....	s.23
Helse og sosia.....	s.25
Plan,utvikling og samfunn.....	s.27
Forvaltning,drift og vedlikehald.....	s.29
Brann og beredskap.....	s.31
Prosjektorganisasjon Ormen Lange.....	s.32



Frå ordføraren



Vekst i folketalet og optimisme i Aukra!

Politisk og administrativt arbeid

I 2006 hadde vi 12 kommunestyremøte og handsama 123 saker. I tillegg hadde kommunestyret 2 dialogmøte i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet frå 2006 – 2009 og kommuneplanarbeidet. Frammøtet har vore særst bra, og vi har eit ope og godt arbeidsmiljø i kommunestyret.

2006 var første heile året med ny administrativ- og politisk struktur. Både politikarane og våre tilsette har på ein positiv måte tilpassa seg endringane. Om vi har lukkast med å nå måla for omstillinga vil vise seg i tida framover. Einingsleiarane har teke ansvar, hatt god økonomistyring og gjennomføringsevne for å gje innbyggjarane våre det best muleg tenestetilbodet etter rammer som kommunestyret har sett. Dette set vi stor pris på.


Vi har i 2006 fått erfaring med dei tre politiske utvala. Ein ser at det er ulik saksmengde, og ulik aktivitet. Ein ønskjer at politikarane meir skal sette dagsorden. Dette vil komme fram i evalueringsprosessen 2007.

Aukra kommunestyre hadde også ein viktig verdidebatt i 2006. Ikkje berre var fokuset på økonomi, men også kultur, frivillig arbeid og oppleving i natur, idrett og friluftsliv m.m.

Planarbeid

Det var ein stor dag i kommunestyret då vi vedtok kommuneplanen sin arealdel. Dette arbeidet har vore utført med god medverknad frå mange, og med god dialog i kommunestyret.

Fleire plannemnder har vore i arbeid dette året. I skulenemnda har debatten om plassering av nyskulen vore eit heitt tema. Etter at Barnebo barnehage fekk nybygg på Aukratun, og det vart etablert eit tilbod i Aukrahallen, har Aukra kommune fått full barnehagedekning. Det er vi svært glad for! Det vart også i 2006 arbeidd med planar for brannstasjon, kyrkjelydshus, kulturhus, ombygging av Aukraheimen og Helsesenteret og tilbygg Julsundet skule. Vi har fått på plass lokale for





ungdomsklubben og reguleringsplanar for gang og sykkelveggar. Vedtak er blitt gjort i samband med planar for GOD HELSE satsinga i kommunen, og vedtak "speleautomatfrie kommuner".

Interkommunalt arbeid

Arbeidet med Møreaksen er viktig og har fått ny giv i 2006. Møre og Romsdal fylke har sett spesiell fokus på kryssing av Romsdalsfjorden og det er vårt mål å få dette flotte prosjektet inn på Norsk Transportplan si prioritetsliste så snart som råd. I kommunen har vi fått gjort ein del med kommunevegane, og kjem til å halde fram i 2007. Dette er prioritert område for oss.

Resultat av samarbeidsprosjektet GassROR IKS (fondet) har allereide fått resultat og vore grunnlaget for realisering av Haukebøen, og flyplassforlenging på Årø. Framover vil fondet vere ein viktig bit av realisering av Møreaksen. Vi har eit godt samarbeid i regionrådet (ROR) der blant anna tema har vore arbeidd med som IT-, barnevern-, og havnesamarbeid.

Næringsliv

Næringslivet i Aukra utviklar seg stadig bra. Bedriftene går godt og nye kjem til. Vi må fortsatt legge til rette for bustadbygging og næringsutvikling. I 2006 var folketalet i


Aukra meir enn dobla på grunn av utbygginga på Nyhamna. Vi er særst glad for at det har gått så bra med tanken på trafikkavvikling, sosiale og trivselsmessige forhold. Utbyggjar Hydro skal ha ros for den jobben dei har gjort med god planlegging og dialog. No er det vi som må utnytte dei synergiane som utbygginga gir med tanke på verdiskaping og næringsutvikling. Selskapet Aukragass vart skipa dette året, eit døme på at næringslivet tek utfordringane.

Til slutt vil eg takke alle tilsette for heilhjarta innsats. Vi har alle grunn til å vere stolte av kommunen vår. Vi trengs alle i eit samfunn som blir meir og meir krevande. men utan at alle dei små og store oppgåvene vert gjort, lykkast vi ikkje. Takk også til kollegaene mine i Aukra kommunestyre for godt samarbeid til beste for innbyggjarane i kommunen.

Aud Mork
ordfører



Frå rådmannen



nemna at i budsjettprosessen stod ein no overfor ein ny situasjon med heile 10 einingar som skulle ha si ramme og med 3 stab/støtte avdelingar med sine økonomiske behov. Her starta vi med "blanke" ark, då mange einingar var heilt nye og ikkje hadde historiske tal. Det vart halde to temamøtar om budsjettet med kommunestyret og ein brei prosess i leiargruppa. Dei nye rammene vart vedtekne på budsjettmøtet i desember.

Målsetting


Aukra kommune har som målsetjing å vere ein effektiv, rasjonell og tidsmessig tilpassa organisasjon. Dette skal bidra til å setje brukarane, dvs. innbyggjarane i fokus, slik at kommunen kan produsere og yte dei kommunale tenestene som er tilpassa brukarane sine behov.

Ny struktur

2006 var det første heile året med ny struktur, både politisk og administrativt. Det har gått med mykje tid til å få organisasjonen på plass og til å fungere etter intensjonen/ målsetjinga. Ein kan her

Kollegamedverkand (KM)

KM vart starta opp hausten 2005 og har halde fram i heile 2006. Heile KM vart starta opp for å gje alle våre tilsette kompetanse om vår eigen organisasjon. Det å ha innblikk i korleis politiske saker vert køyrd, korleis den administrative leiinga er organisert og ikkje minst korleis få engasjert alle våre tilsette til medverknad. Vidare er det eit sentralt mål å myndiggjere våre tilsette, slik at alle kan ta del i å vidareutvikle kommunen vår. KM har vore og er ein suksess.





Sjukefråvær

Rådmannen har merka seg at sjukefråværet har auka frå 6,6 % i 2005 til 7,3 % i 2006. Rådmannen er uroa over det høge sjukefråværet og at det har auka det siste året. Kommunen har stort fokus på HMS og arbeider vidare med sjukefråværet på alle einingane.

Bedriftshelsetenesta

Aukra kommune er innmeldt med om lag 130 tilsette i bedriftshelsetenesta. Administrasjonen arbeider med å få fleire innmeldt i ordninga. Dette er eit kostnadsspørsmål som vert vurdert i budsjettprosessen. Rådmannen er ikkje i tvil om at dette tiltaket er særst viktig i høve det førebyggjande arbeidet innan HMS, og ikkje minst i det viktige arbeidet med å redusere sjukefråværet.

Informasjon

Aukra kommune har eigen informasjonskonsulent. Det er ein veldig viktig faktor for å yte gode informasjonstenester til våre innbyggjarar. Kommunen har oppdaterte heimesider og har gitt ut kommuneavisa 5 gonger i 2006. Kommuneavisa vert sendt ut til alle våre husstandar og blir distribuert av lag/organisasjonar.

Økonomi

Rekneskapan for 2006 viser eit driftsoverskott på 6,8 mill. Dette viser at kommunen har kontroll på drifta, men det gode resultatet skuldast i all hovudsak den høge skatteinngangen. Rådmannen har framleis fokus på at einingane må halde seg innafor den tildelte økonomiske ramma. For å nå dette målet rapporterer einingsleiarane til rådmannen kvar månad. Investeringsnivået i Aukra var på 59,9 mill. Dette medfører høg aktivitet innan eininga FDV, samt at mykje må setjast vekk til entreprenørar. Det er mellom anna investert omlag 7 mill i sentrum, om lag 10 mill. på vegar, 6,6 mill på bustadfelt og 6,9 mill på den nye barnehagen vår, Barnebo. Det er ført eigne prosjektrekneskap på investeringsprosjekt over 3 mill.

GassROR IKS

Det vart i 2006 stifta eit interkommunalt selskap, GassROR IKS, av kommunane Aukra, Fræna, Midsund, Molde og Eide, samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet har, etter loven, representantskap og eige styre. I representantskapet sit både ordførar (leiar) og varaordførar. Aukra kommune fekk to representantar og dei andre medlemskommunane har ein kvar. I styret er rådmannen i Aukra leiar.

GassROR IKS mottar midlar frå alle medlemskommunane. Aukra og Fræna skal betale inn 10 % av eigedomsskatten frå Ormen Lange og dei andre medlemskommunane betaler kr 25,- pr. innbyggjar. Møre og Romsdal fylkeskommune skyter inn om lag 700.000,- pr år. I tillegg har IKSet to assosierte medlemmar, Sparebanken Møre og Sparebanken1/ Romsdals Fellesbank. Der er det signalisert årlege innbetalingar på om lag 2 mill. frå kvar. Selskapet har vedteke å støtte utbygginga av Haukebøen med 5 mill. kvart år i 15 år. Molde Lufthavn Årø med inntil 2. mill. kvart år i 15 år. Aukra kommune får tilbake 6 mill. i samband med den regionale vassutbygginga og det er sett av årlege midlar til Møreaksen.

Ormen Lange

Aktiviteten inn mot Aukra kommune har i 2006 blitt meir og meir fasa ut. Utbygginga går sin gang og ved årsskiftet var landanlegget om lag 90 % ferdig. Shell skal som kjent drifte anlegget og kontakten inn mot Shell har auka, då særleg innan brann og beredskap. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som ser på samarbeidet om ein ny brannstasjon ute ved Nyhamna/ Nyland.

Ole Bjørn Moen
Rådmann



Medarbeidarar og organisasjon

Ved utgangen av 2006 hadde Aukra kommune 250 årsverk fordelt på ca. 350 fast tilsette. Dette er ei auke på 13 årsverk frå 2005.

Helse, miljø og tryggleik

Sjukefråværet i 2006 var på 7,3 %, ei auke frå 6,6 % i 2005. Dette fordeler seg med 2,9 % på korttidsfråvær (1-16 dagar) og 4,3 % på langtidsfråvær. Nesten halvparten av fråværet skuldast muskel- og skjelettlidingar. IA-arbeidet blir fulgt opp av den enkelte einingsleiar og kontakten med sjukemeldte fungerer godt. Utfordringane har vore størst når det gjeld å tilrettelegge på arbeidsplassen for at arbeidstakarar kan komme tilbake.

Ei oversikt viser at to arbeidstakarar gjekk over på AFP og 2 på delvis AFP i 2006. To blei alderpensjonistar (ein delvis), to uførepensjonistar og tre fekk delvis attføringspensjon. Bedriftshelsetenesta gjennomførte bedriftshelsekontrollar for ca. 40 tilsette frå Pleie og omsorg, Barnebo barnehage og FDV/brann.

Likestilling

Likestillingslova krev at arbeidsgivar skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna innafor si verksemd. Om lag 82 % av dei tilsette i Aukra kommune er kvinner. Alle tilsette skal ha same rettane i arbeidslivet og vi har fokus på desse utfordringane ved tilsettingar og ved lønsfastsetting.

Kompetanseutvikling

Prosjektet Kollegamedvirkning blei starta i februar og skal gå over 2 år. Dette er eit tilbod til fast tilsette. Sentrale tema er: arbeidsglede, korleis møte nye krav, oppgåver og endring, kommunen som organisasjon, leiing, samarbeid på tvers og i grupper, brukardialog, heilskap og fleirfagleg samarbeid – "vi"-kultur. 130 tilsette har gjennomført.

Lokale lønsforhandlingar

Lønsspotten var på kr. 934.000. Prioriterte grupper var avd.leiarar, pedagogiske leiarar og andre med leiaransvar. Dei fleste gruppene fekk lokale tillegg.

Lærlingar

Vi hadde 6 lærlingar i 2006. Det vart signert ein lærekontrakt for IKT-lærling. Ei fekk fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget og ei i omsorgsarbeidarfaget.

11 tilsette fekk tildelt heidersmerke for 30 års innsats i Aukra kommune.

Rannveig Oterhals
Personalsjef



- Kap 2 - Utviklingstrekk i Aukra

Befolkning og næringsliv

Folketalet har auka med 159 innbyggjarar dei siste ti åra. Pr 1.1.07 var det 3.142 innbyggjarar i kommunen.


Kommunen har på eitt år fått 43 nye innbyggjarar. Det tilsvarer ei auke på 1,39%. Få andre kommunar i romsdalsregionen kan vise til større

prosentvis auke i folketalet for 2006 enn Aukra.

Folketalet og samansettinga av aldersgrupper har mykjeå seie for dei statlege overføringane og dermed for dei kommunale tenestene.

	0-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år	20-44 år	45-66 år	67-79 år	> 80år	I alt
1998	225	280	125	199	973	732	306	143	2983
1999	213	293	115	192	952	748	295	153	2961
2000	209	302	113	193	948	771	297	145	2978
2001	227	294	121	165	936	787	291	147	2968
2002	252	295	129	158	954	790	286	162	3026
2003	241	301	134	159	942	818	288	155	3038
2004	229	311	128	158	934	839	283	173	3055
2005	229	313	129	159	917	839	282	182	3050
2006	240	307	144	173	924	841	283	187	3099
2007	255	308	147	166	935	861	289	181	3142


Diagram: Folketalsutvikling i Aukra 1998 – 2007 gruppert på alder





Næringslivet er dominert av næringer knytt til hav og sjø: Skipsverft, offshoreindustri, oppdrett og fiskeforedling. Vi hadde ved årsskiftet 271 bedrifter registrert i kommunen, 170 av disse var sjølvstendig

næringsdrivande uten tilsette. 6 av bedriftene hadde meir enn 50 tilsette. I 2006 var dei 938 årsverka i Aukra fordelt slik:



(Kjelde: Næringsplan for Aukra kommune, utarbeidd av Aukra Næringsforum)..

Inn-/utpendling

Det var i 2005 625 personar som pendla ut av kommunen. 387 av desse pendla til Molde, 120 personer til andre kommunar i

fylket og 118 stykker til andre delar av landet. Inn til kommunen pendla 174 personar i 2005.



Kommunebarometer

- indikatorer for samfunn og livskvalitet -

	2005	2006
Levekår (indeks 1-10, 10 størst problem)		
Sosialhjelp	1	10*
Dødelighet	2	1
Uføretrygd	2	2
Attføringspenger	4	3
Vold	6	6
Arbeidsledige	4	2
Overgangsstønad	9	9
Lav utdanning	7	6
* indikator feil frå SSB		
Likestilling (indeks, 1-4, 4 best verdi)		
Barnehagedekning	1	1
Kvinnelige kommunestyrerepr.	3	3
Prosent høgare utdanning	2,5	3
Kvinner pr.100 menn	2	1,5
Kvinner i arbeidsstyrken	2	1,5
Inntekt	1,5	3
Økonomi (foreløpige KOSTRA-tal)		
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	54608	61553
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	48773	54744
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger	31304	38415
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	57955	64663
Netto driftsresultat i kroner per innbygger	2600	2547
Frie inntekter i kroner per innbygger	30218	33036
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	78503	57675
Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger	35773	46022
Lokal livskraft		
Folketilvekst i %	1,60	1,38
Barn og unge (0-19) %	27,8	27,8
Barnehagedekning	71	75
Valdeltaking	76,3	
Utlån bibliotek alle medier	2,2	2,5
Antall søknader tiltak (byggesøknader)	52	88
Grunndata		
Kommuneareal km ²		58,5
Jordbruksareal dekar		10989
Produktiv skog dekar		6801
Folketal pr. 31.12	3099	3142
Folketilvekst	49	43
Innflytting	129	156
Utflytting	96	131
Nettoflytting	33	25
Døde	29	26
Fødte	45	44
Fødseloverskot	16	18
Innpendling	174	
Utpendling	625	



- Kap 3 – Økonomiske oversikter

Investeringsrekneskapen

	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap 2005
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	5 190 018	0	0	1 426 030
Andre salgsinntekter	50 988	0	0	5 750
Overføringer med krav til motytelse	2 532 353	0	0	1 771 491
Statlige overføringer	0	0	0	0
Andre overføringer	0	0	0	30 000
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	7 773 359	0	0	3 233 272
Utgifter				
Lønnsutgifter	0	0	0	1 020
Sosiale utgifter	0	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	52 539 156	57 405 000	57 405 000	38 159 744
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	0	0
Overføringer	6 158 047	0	0	13 396 883
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	72 477	0	0	27 181
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	58 769 681	57 405 000	57 405 000	51 584 828
Finansstransaksjoner				
Avdragsutgifter	1 897 411	0	0	545 629
Utlån	2 745 000	0	0	2 264 299
Kjøp av aksjer og andeler	1 132 633	0	0	1 910 925
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	4 680 356
Avsetninger til ubundne investeringsfond	0	0	0	171 867
Avsetninger til bundne fond	2 267 645	0	0	0
Avsetninger til likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	8 042 689	0	0	9 573 076
Finansieringsbehov	59 039 011	57 405 000	57 405 000	57 924 632
Dekket slik:				
Bruk av lån	43 304 854	57 405 000	57 405 000	38 252 472
Mottatte avdrag på utlån	2 407 578	0	0	1 795 707
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Overføringer fra driftsregnskapet	0	0	0	2 089 748
Bruk av disposisjonsfond	672 500	0	0	56 000
Bruk av ubundne investeringsfond	1 033 909	0	0	3 446 527
Bruk av bundne fond	1 057 400	0	0	40 426
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum finansiering	48 476 241	57 405 000	57 405 000	45 680 880



Driftsrekneskapen

	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap 2005
Driftsinntekter				
Brukerbetalingar	8 682 379	8 623 000	8 623 000	8 933 261
Andre salgs- og leieinntekter	19 177 261	15 684 175	15 684 175	18 669 234
Overføringer med krav til motytelse	49 113 668	30 316 500	30 316 500	51 061 776
Rammetilskudd	29 237 815	0	0	36 187 009
Andre statlige overføringer	4 190 798	2 535 000	2 535 000	3 509 949
Andre overføringer	103 196	44 840 945	44 840 945	61 799
Skatt på inntekt og formue	74 561 773	51 500 000	51 500 000	57 458 417
Eiendomsskatt	18 085 900	20 000 000	20 000 000	3 388 200
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	203 152 788	173 499 620	173 499 620	179 269 645
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	102 261 205	97 547 000	97 444 000	92 131 116
Sosiale utgifter	27 199 773	27 841 696	27 811 696	24 041 877
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	37 958 303	31 645 500	31 645 500	32 040 635
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	7 746 697	7 374 000	7 374 000	7 001 999
Overføringer	13 704 654	6 938 000	6 938 000	11 090 154
Avskrivninger	8 847 774	0	0	6 333 226
Fordelte utgifter	-3 975 025	-5 553 630	-5 553 630	-2 589 851
Sum driftsutgifter	193 743 381	165 792 566	165 659 566	170 049 155
Brutto driftsresultat	9 409 408	7 707 054	7 840 054	9 220 491
Finansinntekter				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	2 144 866	1 600 000	1 600 000	1 329 434
Mottatte avdrag på utlån	303 153	150 000	150 000	744 027
Sum eksterne finansinntekter	2 448 019	1 750 000	1 750 000	2 073 460
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	5 288 779	5 600 000	5 600 000	3 452 953
Avdragsutgifter	7 307 781	7 000 000	7 000 000	6 716 104
Utlån	333 385	200 000	200 000	779 406
Sum eksterne finansutgifter	12 929 945	12 800 000	12 800 000	10 948 462
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-10 481 926	-11 050 000	-11 050 000	-8 875 002
Motpost avskrivninger	8 847 774	0	0	6 333 226
Netto driftsresultat	7 775 256	-3 342 946	-3 209 946	6 678 714
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	753 256	0	0	4 052 952
Bruk av disposisjonsfond	225 000	0	0	0
Bruk av bundne fond	2 718 784	991 436	991 436	197 368
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	3 697 040	991 436	991 436	4 250 320
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	2 089 748
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	1 860 793
Avsetninger til disposisjonsfond	753 256	0	0	2 192 159
Avsetninger til bundne fond	3 845 293	0	0	4 033 078
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	4 598 549	0	0	10 175 778
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	6 873 747	-2 351 510	-2 218 510	753 256



Store investeringar

Prosjekt starta opp i 2004 med påløpte kostnader i 2006:

Nyland I-området. Prosjektramme på kr. 9.210.000,- Jfr. KS-sak 068/04

I 2006 brukt kr. 513.529

Økonomi: Ingen signaler på større overskridingar. Klar til rapportering mai 2007.

Prosjekt starta opp i 2005 med påløpte kostnader i 2006:

Avløp Rød – Småge. Prosjektramme på kr. 9.109.000,- Jfr. KS-sak 070/05

I 2006 brukt kr. 5.422.998

Framdrift: Kommunen overtok anlegget uke 49 i 2006, ca. 1 mnd etter plana. Økonomi: Forventa overforbruk på ca. 15% av prosjektramme. Fiber og gass var ikkje med i prosjektramma, noko som førte til at sprengingsarbeidet vart meir omfattande enn forutsatt. Det var også lagt inn låg tryggingmargin i kalkyla (10%). Prosjektet er klart til rapportering juli 2007.

Solem II. Prosjektramme på kr. 10.216.600,- Jfr. KS-sak 071/05

I 2006 brukt kr. 6.481.229

Framdrift: Kommunen overtok anlegget primo juli 2006. Økonomi: Forventa overforbruk på ca. 24% av prosjektramme. Sprengingsarbeidet vart meir omfattande enn forutsett samt at anlegget ikkje var ferdig prosjektert (lysanlegg/gass) før oppstart. Det var også lagt inn låg tryggingmargin i kalkyla (5%). Klar til rapportering juli 2007.

Kryss til Holmesundet. Prosjektramme på kr. 3.235.119,- KS-sak 029/05

I 2006 brukt kr. 1.782.309

Framdrift og økonomi som godkjent. Klar til rapportering juni 2007.

Paviljong Riksfjord, trinn 1- ferdigstilt. KS-sak 68/05

Brukt kr. 1.231.140 i 2006.

Tilbygg Julsundet – ferdigstilt

Sluttrapporter til kommunestyret. I 2006 brukt kr.311.399

Investeringar i budsjett 2006

Planlegging Utbygging Riksfjord skole

I 2006 vart det brukt kr. 969.446,- til planlegging og ekskursjonar, og det vart brukt konsulentar i arbeidet med å vurdere tomteval for skolen. Budsjettet var på 1 mill.

Planlegging utbygging Julsundet skole – ferdigstilt.

Utbygging av Barnebo. Prosjektramme på kr. 18.400.000,- KS-sak 081/06

Budsjett i 2006: 5,2 mill. Brukt 6.911.540 i 2006.

Utbygginga vart fysisk i gangsett juni 2006 og ferdigdato er sett til 12. juni 2007.

Kunstgrasbane forprosjekt – ferdigstilt

Ideskisse Kulturhus – ferdigstilt

Ideskisse ombygging Aukraheimen - ferdigstilt

Ombygging avlastningsbustad – ferdigstilt

Ideskisse Helse- og sosialsenteret - ferdigstilt



Utsleppsone Mevold – nytt felt

Omdisponert i **KS 62/06** til prosjektet Setervika/Hollingbukta.

Setervika/Hollingbukta. Prosjektramme: kr. 2.000.000,- Jfr. KS-sak 62/06

Økonomi og framdrift som godkjent.

Avløp Sporsem - påbegynt

I budsjett: kr. 1.200.000,- I 2006 brukt kr. 571.555

Avløp Falkhytten – Blomsnes.

I 2006 brukt kr. 192.104. Budsjettet kr. 1.100.000,-

Brannstasjon / lager – prosjektet stoppa. KS-sak 28/06

Budsjett kr. 4.000.000.

Prosjektet stoppa etter anbudsrunderen. Avventar avklaring med Shell vedr. samarbeid om brannberedskap. Merknad: Det er brukt ca. 300.000,- på prosjektering/planlegging.

Midlertidig Brannstasjon – ferdig KS-sak 103/05

Brukt 2006 kr 1.180.000

Godkjent prosjektramme saman med driftsbygg FDV samla kr 1.158.750 i KS-sak 103/05

Drifta av midlertidige anlegg er overført til ansvar brann

Driftsbygg FDV Nautneset – under bygging KS-sak 103/05

Budsjett kr. 781.250 i KS-sak 103/05

Brukt 2006 : kr 227.736,40

Rest 2007 : kr 553.514

Det som står igjen er utomhusanlegg, bygging av varm lager på ca 50 m2 samt tlf. data.

Gang- og sykkelveg Hollingen – Jendem – under arbeid. KS-sak 102/05

Prosjektramme på kr. 5,1 mill. I 2006 brukt kr. 3.857.123

Framdrift: Overteke av kommunen 1. juli 2006, 2 mnd. etter plana.

Resultat av utbyggingsavtalen. I

budsjett: 5.500.000,-

I følge avtalen skulle kommunen og Hydro yte 5,5 mill. kr. kvar til tre vegprosjekt:

- Opprustning av fylkesvegen Juvik – Sæter. **KS-sak 111/06**

Godkjent prosjektramme: kr.

8.125.000,- I 2006 ført på drift.

Under planlegging.

- Gang- og sykkelveg Riksfjord – Sporsem. **KS-sak 96/06**

Godkjent prosjektramme: kr.

14.150.000. I 2006 brukt kr. 668.169.

- Reasfaltering Sporsem – Nyland. **KS-sak 63/06**

Godkjent prosjektramme: kr.

3.366.000,- I 2006 brukt kr. 1.726.781,-

I 2006: Bygd 1800 m, gjenstår 450 m.

Asfaltering grusvegar – ferdig.

Sluttrapport til kommunestyret. Brukt 2006 kr. 3.140.656,50

Budsjett kr 3 mill, overforbruk kr 140.656,50 på grunn av asfaltering av veg ved Hollingbygg med bakgrunn i gamal avtale kommunen hadde plikt til å etterleve.

Utbyggingsfelt Sentrum/Varhaugvik

Flytta fram til 2007. Delar omdisponert i **KS-sak 60/06** og erstatta med bustadfelt Nerbøberg.

Sentrum Coop-tomta – ferdig.. KS-sak 104/05

Sluttrapport neste. Budsjett var opprinneleg 5 mill. Budsjettauke i **KS-sak 104/05**. Prosjektramme på kr. 6.448.297,-

Utbygging Julsundet – ikkje igangsett

Rest 2007: 100.000.-

Venter på utbyggar av bustadar på Hollingen.

Utbygging Hollingen I-området - ferdigstilt

Brukt 2006: kr 218.700

Budsjett 2006 kr 100.000,00



Midlane er gått til grunnkjøp. Dvs lite styrbart da beløpet bare var satt opp som handlingsberedskap

Utbygging Nautneset I-området – igangsett.

Prosjektramme på kr. 4 mill. Brukt kr. 913.863 i 2006.

Merknad: Ligg etter plana med ca. 1 år grunna seinare oppstart med g/s-veg Riksfjord-Sporssem (skal ha masse frå Nautneset). Det er venta eit overforbruk på ca. 12% av prosjektramme grunna at gjerde og tilfylling med jordmassar langs veg ikkje var med i budsjettet samt tilleggsarbeid med forsiktig sprenging og utskliding av fylling i sjøen.

Kyrkjelydshus – ikkje igangsett

Prosjekt vedtatt i løpet av 2006:

Paviljong sør Riksfjord skole. KS-sak 47/06

Prosjektramme på kr. 954.000,- , brukt kr. 1.046.866,- i 2006.

Framdrift som planlagt. Forventa overforbruk på ca. 15% grunna større kostnad enn kalkulert på ombygging av eksisterande inngang.

Bustadfelt Aukrasanden. KS-sak 61/06

Prosjektramme på kr. 1.535.000,-

Merknad: Er annonsert for sal.

Framdrift og økonomi som godkjent.

Bustadfelt Nerbøberg. Prosjektramme på kr. 3.267.000,- KS-sak 60/06

Framdrift og økonomi som godkjent.

Merknad: Annonserast for sal primo april.

Ferdig opparbeid 1. okt. 2007.

Kjøp av bolighus Falkhytten – ferdigstilt


Juvika småbåthamn. Prosjektramme på kr. 7.000.000,-

Forarbeid i 2006 ført på drift. Planlagt oppstart i mai 2007. Hydro dekker projektkostnaden etter endelig projektrengskap.



- Kap 4 - Rapport frå einingane

Stab/støtte



Budsjettramme

Budsjett er kr.15.440.000.

Ramma skal dekke all politiske aktivitet, tilskot til næringsforum og utviklingsfond, personforsikringar, tilskot til soknet, drift av rådmannskontoret, fellestenesta., lønn- og personal, økonomi og IKT, revisjon.

Mål

Stab/støtte skal i den nye organisasjonen bygge kompetanse og nærleik til våre brukarar mellom anna gjennom serviceerklæringar og brukarkontakt.

Lønn / personal

Avdelinga har 2,3 årsverk med ansvar for lønn og personal. Dette inneber kontroll og utbetaling av riktig lønn kvar månad, utføre lønnsarbeid for einingane som ikkje har eigne lønnsmedarbeidarar og halde einingane oppdatert på endringar. Oppgåvene har vore mange og medarbeidarene har vist at dei har erfaring og taklar utfordringane. Kontoret har og ansvaret for personforsikringar og HMS.

I 2006 har fokus vore på opplæring og oppfølging av nye einingar ved dagleg kontakt og møter ute på einingane. Det har også vore eit mål å ta i bruk tilgjengeleg dataverktøy for å kunne arbeide mest mogleg effektivt og rasjonelt. I arbeidet med oppfølging av sjukemeldte, inkluderande arbeidsliv, har det vore tett samarbeid med einingsleiarar og bedriftshelsetenesta. Talet på verneområde er utvida frå 5 til 8 og samarbeidet med verneombod og tillitvalde har vore godt.

Økonomi

Økonomikontoret har i tillegg til ordinære oppgåver som rekneskapsføring, budsjettkoordinering, eigedomsskatteaktivitetar og skatterekneskap, hatt arbeid med å legge til rette for at nye sjølvstendige einingar skal greie oppgåvene sine innan økonomistyring. Vi har gitt opplæring, arbeidd med å få på plass gode rutinar og drive med rådgjeving overfor einingane og deira medarbeidarar. Hovudfokus har vore å få organisasjonen til å bli i stand til å ta endra oppgåver.

IKT

Alt arbeid med vedlikehald av serverpark, infrastruktur og maskinell utvikling er lagt til IKT – avdelinga. Organisatorisk høyrar dei til økonomikontoret. I 2006 har det blitt jobba med å få til stabile og god kommunikasjon mellom kommunen sine tenestestader og det sentrale driftskontor. Det er innført nye fagprogram kor IKT-



gruppa har ytt tenester og rådgjeving. Det har vore lagt ned stor innsats for å få til gode løysingar for skolesektoren. Hovudfokus i 2006 har vore å få stabilitet og dynamikk i den daglege drifta.

Fellestenesta / politisk sekretariat

Fellestenesta med 4,5 årsverk betjener sentralbord/ekspedisjon, servar einingane med post/arkiv og sakshandsaming og innkjøpsrådgjeving.

I 2006 vart nytt fullelektronisk sakshandsamingssystem tatt i bruk. Dette har vore ein arbeidskrevjande og spanande prosess som har stilt store krav til personalet i administrasjonsavdelinga som og har leia prosjektet.

Vi er har i løpet av året fått samla inn og ordna alle eldre personopplysningsarkiv frå einingane i felles fjernarkiv.

Det politisk sekretariatet avvikla 56 politiske møter i 2006 fordelt med tolv kommunestyre-møter med 123 politiske saker og 44 møter i hovudutvala med tilsaman 325 politiske saker.

Økonomi/Kostra

Stab/støtte hadde eit overforbruk på kr. 1.377.338. Dette skuldast uforutsette kostnader.

Investeringar

Generelle datainvesteringar - overført til 2007. Oppgradering sakshandsamingssystem – fullført

Riksfjord skole



Budsjettramme

Budsjettert ramme for Riksfjord skole var på kr. 23.440.000. Denne ramma skal dekke drifta av skole med grunnskoleopplæring, vaksenopplæring, SFO og drift av skolebygningar.

Mål

Måla for 2006 tek sitt utgangspunkt i Kunnskapsløftet som er det store satsingsområdet for skolen dei neste åra. Elevane sine grunnleggjande ferdigheter skal styrkast. Samstundes ligg skolen sin sentrale rolle som formidlar av verdiar, allmenndanning og kultur fast.

Alle elevar skal få tilpassa og differensiert opplæring ut frå eigne føresetnader og behov. Vidare har vi ønskt å følgje opp kommunestyret sitt vedtak om ein moderne og funksjonell skole som kan leggje til rette for eit inspirerande og utfordrande læringsmiljø.

Måloppnåing

2006 var innføringsåret for Kunnskapsløftet. Ved skolen har vi satsa på drøftingar og utvikling av lokale



læreplanar, i fyrste omgang i faga norsk og matematikk. Skolen har dessutan dette året satsa på IKT ved å auke antal maskinar på ungdomstrinnet. Data er ein av dei fem ferdigheter som skal gå igjen i alle faga på alle årstrinna i skolen. I tillegg skal data vere eit eige fagområde. Det bør og nemnast at i 2006 var Riksfjord skole einaste skolen i Møre og Romsdal som gjennomførte avgangsprøva for alle elevane på data. Skolen har i 2006 revidert sin handlingsplan mot mobbing.

Økonomi og kommentarar på avvik

Skolen hadde eit overforbruk på 6,3%. I 2006-budsjettet var det ingen eigen budsjettpost for vedlikehald "skolelokale Riksfjord". Det er klart ikkje mogleg å drive Riksfjord skole utan tilgjengelege vedlikehaldsmidlar.

2006 var eit spesielt år med tanke på vikarbehov. Skolen har hatt 5 lærarar på vidareutdanning. I tillegg har kurs i samband med Kunnskapsløftet og KM, vore årsaka til auka vikarutgifter dette året. Budsjettposten "transport" har eit overforbruk i 2006. Vi har ikkje kunne gjennomført skolen sine planar for turar og ekskursjonar innafor budsjettet.

Investering

I budsjettet for 2006 hadde Riksfjord skole to mindre investeringsprosjekt.

Datainvestering – innkjøp av data-maskinar til elevar på ungdomstrinnet og til lærarar - ferdigstilt.

Utstyr leikeområdet – overført til 2007

Inger Ase Bieltvedt Rød
Einingsleiar

Julsundet skole



Budsjetttramme

Budsjett for Julsundet skole er kr 8 184 000. Denne ramma skal dekke drifta av skole med grunnskoleopplæring, SFO og drift av skolebygningar.

Mål

To sentrale avsnitt i målformuleringa for skolen i 2006: "Elevane sin grunnleggjande ferdigheiter skal styrkast. Samstundes ligg skolen si sentrale rolle som formidlar av verdiar, allmenndanning og kultur fast. Alle elevar har krav på tilpassa og differensiert opplæring ut frå eigne føresetnader og behov".

Kommunestyret ønskjer at kommunen skal få ein moderne og funksjonell skule som kan leggje til rette for eit inspirerende og utfordrande læringsmiljø som kan skape identifikasjon og stoltheit hos elevane."



Måloppnåing og kommentarar på avvik

Formidlingsrolla vår er svært viktig. I tidlegare tider låg formidling av verdier naturleg inne i kristendomsfaget. I det nye KRL-faget er det så mange element som ein må ta omsyn til at formidling av sentrale verdier lett kan bli gløymt. Ein må derfor finne andre tider i skolekvardagen der ein legg inn verdiformidling.

Kunnskapsformidling blir meir og meir sentral i skolen. Gjennom Kulturista som Aukra er med på, vert det også formidla eit allsidig kulturtilbod. Ein kan nemne konsertar for alle alderstrinn, kunstutstillingar, teaterframсыningar og forfattarbesøk, spesielt for 8. klasse.

Det er sett eit sterkt fokus på tilpassa opplæring frå sentralt hald. Det har også vore eit satsingspunkt for skolen vår. Vi driv utviklingsarbeid rundt arbeidsplanane til elevane, slik at dei vert mest mogleg tilpassa kvar einskild elev. Vi prøver også å få med oss inspirasjonskurs for både leiing og andre tilsette om emnet, og vi prøver ut nye metodar for at undervisninga skal høve betre til kvar einskild elev. Eit nytt omgrep i Kunnskapsløftet er læringsstrategiar. Kvar elev skal lære ulike måtar å lære på og gjennom det finne dei beste måtane for seg sjølve til å tileigne seg nytt stoff på.

Det har løfta miljøet i ungdomsskolen at vi har samarbeid med Fræna kommune. Elevtalet har blitt passe stort, samstundes som det også er oversiktleg og greitt. Sosialt fungerer det godt mellom to grupper som kjem frå to skolar og skal gå i lag i ei gruppe.

I den nye delen av skoleanlegget vårt er det lyse og trivlege lokale og rimeleg bra utstyrt med moderne utstyr. Mediateket vårt inneheld m.a. bibliotek der bokkatalogen i løpet av året er lagt inn i ein sentral database. Vidare er det også ein god dataavdeling til bruk for elevane der. Vidare har vi også fått eit halvt

klasesett av berbare datamaskinar til elevbruk. Kostratala viser m.a. at vi har ei dekkingsgrad i Aukraskolen på 3,6 elevar pr. datamaskin. I løpet av året har alle lærarane fått berbare datamaskinar. Ein vil også nemne at den trådlause nettverkstilknytninga til kommunehuset fungerer godt både for elevar og tilsette.

Vi har også kome eit stykke på veg med å byggje opp læremiddelsamlingar i andre fag til eit større elevtal i ungdomsskolen, m.a. naturfag,.

I barneskolen er ikkje romtilhøva like gode. Spesielt vil eg nemne garderobetilhøva for dei minste. Dei har med seg mest utstyr i form av klede for all slags vêr, og plassen deira er svært trong. Inneklimaet er også dårleg. Det er store grupper der i høve til storleiken på arealet, så lufta vert brukt opp.

Når vi fekk ungdomsskolelevar frå Fræna kommune på alle trinn i ungdomsskolen, vart nybygget for trongt, slik at vi måtte ta i bruk spesialrom som sløydsal og naturfagrom til vanlege klasserom. Dette vil endre seg nokså snart, for vi har fått godkjent ei investering til å byggje to nye klasserom som vil avhjelpe det problemet.

Økonomi / KOSTRA

Budsjett og rekneskap for Julsundet skole er delt i 3, grunnskoledrift, SFO og skolelokale.

Resultat på grunnskoledrifta er 6,9% over budsjett. Størstedelen av overforbuket er på løn, pensjon og vikarutgifter. I tillegg har vi hatt ein god del korte sjukemeldingar som vi ikkje får refusjon for. Når ein også er inne i ein periode med innføring av ny læreplan og kommunal kursing, vert det ein del kursverksemd på personalet. Det medfører også auka vikarutgifter. Vi har også fått kontormedarbeidar i full stilling som ikkje var



budsjettert. Lønsoppgjeret for lærarane våren 2006 vart også dyrare enn berekna.

På ansvar skolelokale er det også eit overforbruk på 4,9 %. Det skuldast hovudsakleg meirforbruk i straum og gass til oppvarming av nybygget. Det er også eit overforbruk på budsjettposten innleigd vedlikehaldsarbeid.

Samla sett har både elevar og lærarar hatt eit godt år og fått det utstyret dei har hatt behov for.

Dersom ein ser på kor stor del av samla driftsbudsjett Aukra kommune brukar på grunnskoleopplæring, ligg vi litt under andre kommunar vi kan samanlikne oss med, men om lag likt med gjennomsnittet i fylket. Dersom ein ser på kronebeløpet pr. innbyggjar som går til grunnskoleopplæring, så ligg vi ein del over samanliknbare kommunar og gjennomsnittet i

fylket. Det vil vel igjen seie at tenesteproduksjonen i Aukra samla sett ligg litt over gjennomsnitt, og der har vi tatt mål av oss til å vere.

Når det gjeld spesialundervisning, ligg vi lågt både når det gjeld andelen av samla timetal som vert brukt til spesialundervisning og andelen av elevflokk som får spesialundervisning.

Investering

Arbeidet med busslomma - vil bli gjennomført i 2007.
Datainnkjøp til skolen – ferdigstilt, noko utover ramma.
Budsjettet for uteområdet – ferdigstilt, utover ramma.
Utredning av rombehov – ferdigstilt

Svein Løwe
Einingsleiar

Barnebo barnehage



"Sirkus Aukratunet"

Budsjettramme

Budsjett er på kr 1 933 000 og skal dekke drifta av den kommunale barnehagen på Gossen.

Mål

Trygge barn leikar og lærer best.
Vi ønskjer eit trygt og godt oppvekstmiljø for alle barn som har plass i barnehagen, i stimulerande omgivnader. Barnehagen skal bli ein frivillig del av utdanningsløpet, og vert såleis ein viktig læringsarena for barna. Budsjettet er sett opp for å fylle denne målsettinga og for å drive ein god barnehage for barn og foreldre, i tillegg til at det skal vere ein god arbeidsplass for dei tilsette.



Måloppnåing og kommentarar på avvik

Nasjonale og lokale mål om full barnehagedekning og meir enn 30 barn på venteliste gjorde sitt til at nye plassar i midlertidige lokale vart vedteke. Aukrahallen har vist seg å vere ein godt eigna base for 2 avdelingar med satsing på natur og friluftsliv. Etter oppstart har det vore positive tilbakemeldingar frå barn, foreldre og tilsette.

Arbeidet med innføring ny lov og rammeplan for barnehagar starta på hausten. Vedtak i samarbeidsutvalet om å vidarføre årsplana som førre år slik at ein får ein god og grundig prosess for å innarbeide dei nye elementa frå den nye rammeplana. Kometanseheving for personale med kursing i aktuelle tema.

Barnebo er ein organisasjon med fleire utfordringar. Organisasjonen har vore i vekst over lang tid og har blitt sjølvstendig eining etter omstilling 2004 med omdefinering av roller for tilsette. Vi er inne i ei reformperiode med ny Lov om barnehagar og Rammeplan. Dette gjer at Barnebo skal bruke tid på å finne vår identitet, våre sterke sider og våre muligheiter. Innleige av eksternt hjelp for å sjå på møtstruktur, kommunikasjonsflyt og rollefordelingar vart løfta opp mot slutten av året.

Det er eit aukande sjukefråver blant personalet og vi har fokus på dette problemet på fleire områder i 2006:

- Bedriftshelsetenest knytt til kommunen og tilsette frå Barnebo vert slusa inn.
- Inkluderande arbeidsliv – ordninga gir tettare oppfølging av dei som står i fare for å gå ut i sjukmelding og dei som er på veg tilbake i arbeid frå sjukmelding. Barnehagen har nytta seg av fleire av verkemidla innan IA.

- Medarbeidarkartlegginga viste at fysisk miljø på barnehagen er dårleg.
- Ergonomisk kartlegging vart gjort, kursing av personalet gjennomført og innkjøp av ergonomisk tilpassa inventar gjort.

Stram arbeidsmarknad/generell stor utbygging av barnehagar i regionen har gjort det vanskeleg å rekruttere fagpersonar til fagstillingar og vikarar generelt.

Prosjektet Kollegamedverknad – det er gode tilbakemeldingar frå tilsette på kurs og prosjekt. Det vart gjennomført medarbeidersamtalar med assistentar, reinholdarar, førskolelærarar og pedagogiske leiarar i 2006.

Økonomi / KOSTRA

Rekneskapen held seg innan ramma.

I Aukra er det 115 barn som har barnehageplass, der 34 er under tre år og 81 er over tre år. 53 % av barna har fulldagstilbod. Av alle innbyggjarar i Aukra i alderen 1 – 5 år er det 75 % som har plass i barnehage, av desse 58,3 % av 1 – 2 åringar og 88,8 % i gruppa 3 – 5 år. Samanlikna med nabokommunar er dette talet lågt og en må ta høgde for at andelen som søker barnehageplass aukar vesentleg når makspris foreldrebetaling vert sett ned ytterlegare.

Investeringar

Aukrahallen – dette gjeld investeringar for å få nødvendige godkjenningar av lokala til midlertidig barnehagedrift (generelle sikringstiltak ute og inne, installasjon av ventilasjons- og brannvarslingsanlegg og utvendig rømmingsveg) –ferdigstilt i 2007. Leikeplass Barnebo - prosjektet vert fullført i 2007

Sissel Oliv Garseth
Einingsleiar



Bergetippen barnehage



Budsjettert ramme

Budsjett er på kr 938 000. Tildelt ramme skal dekke drifta av barnehagetilbodet på Julsundet.

Mål

"Det er nedfelt i lov om barnehagar at barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståing med barna sine føresette".

Det betyr for oss at Bergetippen barnehage skal være ein god stad for barna med vekt på omsorg, lek og læring. Foreldre skal oppleve at vi har eit gjensidig samarbeid til beste for barn, foreldre og tilsette. Og personalet skal, som den viktige ressursen dei er, få bidra med sin kompetanse og faglege kunnskapar.

Dei rammene vi får, gir oss muligheter til å utvikle barnehagen og det tilbodet vi gir blant anna i form av aktivitetsmuligheter, leiker og utstyr, og ved å auke personalet sine kunnskapar og handlingskompetanse. På Bergetippen har vi fått bygd ut ein ny avdeling. Målet vårt er å fylle opp plassane og tilsette det personalet som trengs".

Måloppnåing og kommentarar på avvik

- Det er vanskeleg å vurdere måloppnåing med så vide mål som vi formulerte i fjor.

- Dei tildelte rammene har gitt oss sjanse til å fornye og oppgradere barnehagen ute og inne.
- Kunnskapsauke gjennom kurs og intern opplæring har vi til ein viss grad har fått til.
- Vi har fylt opp plassane i barnehagen, følgjeleg har vi nådd den målsettinga.

Aukra kommune hadde ute ei undersøking hjå foreldre om deira syn på det tilbodet dei fekk til borna deira. På nokre av områda her kom Bergetippen barnehage for dårleg ut. Ein kan vel seie ut frå det at vi ikkje har nådd måla våre på desse områda i 2006. Forklaringa kan vere bemanningssituasjonen, hovudsakeleg sjukdom, våren 2006.

Økonomi/KOSTRA

Bergetippen barnehage sitt rekneskap synte at vi heldt oss innafor den budsjetterte ramma. 75% av alle barn i alderen 1-5 år i Aukra går i barnehage. Vi veit at "full barnehagedekning" er eit tøyeleg omgrep. Om full barnehage i fjor var 75% i Aukra, kan det vere 80% til neste år, og 85% om 5 år. Pris, kvalitet og kor mange som allereie går i barnehage, verkar inn på tilstrøminga.

Aukra har høg pedagogdekning samanlikna med andre kommunar, men det kjem ikkje fram i KOSTRA-tala. Vi har ingen utan godkjend utdanning som går i førskulelærarstillingar.

Investeringar

Bergetippen har ikkje hatt nokre investeringsprosjekt i 2006. Vi sette opp eit "lysthus" for "Hydro-midlar", og vi fekk bygd soveplass ute for dei minste barna.

Mari Lund Johannessen
Einingsleiar



Oppvekst og kultur



Frå kulturskolen si jubileumsførestilling i desember 2006.

Budsjetttramme

Budsjettert ramme for OKU er kr. 10 486 000,- Ramma skal dekke oppgåver innan tenesteområda: Ungdom, flyktning, God Helse, pedagogisk koordinering, kultur, barnevern, Aukra kulturskole og Aukra folkebibliotek

Mål

Oppvekst og kultur (OKU) skal gjennom kontakt, kunnskap, førebyggjande arbeid, tilskot til andre og ved eiga tenesteyting bidra til at Aukrasamfunnet er eit godt samfunn å leve og delta i for alle innbyggjarane. OKU har oppgåver i eit breitt spekter og femner store delar av samfunnslivet i Aukra. OKU ønskjer å ha fokus på førebyggjande arbeid og har "tilkobling" som nøkkelord i verksemda.

Måloppnåing og kommentarar på avvik

Ungdom

Høg og god aktivitet i 2006. Fagleg og økonomisk støtte til to ungdomsklubbar. Vitalisering av ungdomsrådet, inkl interkommunalt samarbeid. MOT – arbeidet i godt gjenge: to informatørar og koordinator i funksjon. MOT – sommarleir i

interkommunalt samarbeid. Gode søknadar har ført til store prosjekttilskot.

Flyktningeområdet

Pr. 31.12.2006 budde det 31 flyktningar i Aukra fordelt på 16 vaksne og 15 barn. Frå flyktningekontoret har det vore jobba med introduksjonsprogrammet (individuelle planer), miljøarbeid, tilrettelegging, "få folk i arbeid", oppfølging i samband med skule, barnehage, helse osv. I det heile tatt; integreringsoppgåver.

God Helse

Kommunal plan for God Helse satsinga ferdigstilt. Vann-prosjekt ved skolane ferdigstilt. Hjerter-trim gruppe i aktivitet vårsemesteret, samt energipause på ungdomsskolane. Vakanse på helse-koordinatorstillinga juli - des - 06

Pedagogisk koordinering

Arbeidet i godt gjenge fram til oktober – 06. Fokus på utviklingsarbeid, planarbeid, framandspråkleg undervisning. Koordinering av logopedteneste nytt initiativ, samt prosjektleiing av prosjektet TILKOBLING gjennom landsfemnande "Skal - skal ikke" satsing. Vakanse på pedagogisk konsulent okt – des - 06

Kultur

I tillegg til dei ordinære oppgåvene innan kulturforvaltninga har området hatt følgande nye fokus og satsingsområder: Forprosjekt kunstgrasbane, Kulturhus-planlegging, nye møteplassar for kulturaktørar, sakshandsaming "Hydromidlar" og digitalisering av kulturhistorisk bildearkiv.

Barnevern

Barneverntenesta har etablert seg i ny organisasjonseining i 2006, frå "gamle" Helse og sosial til OKU. I tillegg til



sakshandtering etter lov om Barnevernstenester, har fokus vore retta mot utgreiing og planlegging av ei evt. interkommunal barnevernteneste i Romsdalsregionen. Vakanse i barnevernpedagogstillinga sept – des -06. Innleigd konsulenthjelp i 60% dekkja delar av behovet.

Aukra kulturskole

Kulturskolen hadde 194 elevplassar i 2006, fordelt på fagområda: musikk, dans, bildefag. I tillegg sørva kulturskolen lag og organisasjonar med dirigentar/instruktørar, tilsvarande eitt årsverk. Kulturskolen gjennomførte samarbeidprosjekt med grunnskolane og markerte 30-årsjubileum med stor forestilling.

Aukra Folkebibliotek

Det vart i 2006 utlånt 5736 bøker og anna materiale. Biblioteket hadde besøk av ca. 4700 personar. Dette er ein nedgang på ca. 20 %. Hovedforklaringa er knytt til vakanse i fagstilling. Vakanse i biblioteksjefstillinga juli – des-06

Økonomi

Budsjett	10.486.456
Rekneskap	9.560.804

Ansvar 25 avslutta med eit overskotsresultat på nærare 1 mill. Kulturskolen og biblioteket er å sjå på som eigne driftseiningar, begge i økonomisk balanse. Barneverntenesta avslutta med stort overforbruk 163%. Dei fleste andre områda er med og skaper overskot for ansvar 25. Hovedsakleg tre årsaksforklaringar: større statlege overføringar, lavare utgift introduksjonsprogram, romsleg ramme enkeltpostar.

Investeringar

Ballbinge Aukrahallen:
Gjennomført, spelemiddelinntekt i 2007
Kunstgrasbane:
Forprosjekt gjennomført, ført på drift
Smågevatnet Friluftsområde:
Gjennomført, prosjektet over fleire år.
Ideskisse nytt kulturhus: Gjennomført

Ingvild Aas
Einingsleiar

Pleie og omsorg



Budsjettramme

Budsjettert ramme er på kr 38 046 000. Ramma skal dekke drifta av Aukraheimen, Heimenesta, Bergtun og Teletun.

Mål

Pleie og omsorg skal arbeide for at brukarane opplever å ha eit trygt, verdig og sjølvstendig liv. Vi skal gje ei likeverdig og individuelt tilpassa teneste som ivaretek den enkelte sine ressursar. Tenesta skal så langt råd, utarbeidast i nært samarbeid med brukar og eventuelt pårørande.



Personalet skal oppleve at dei er verdsett, og vi skal legge til rette i høve HMS slik at alle kan yte ei god teneste ut frå sine faglege kvalifikasjonar.

Måloppnåing og kommentar på avvik

Vi meiner at vi har nådd måla for tenestene. Brukarane har fått hjelp ut frå behov og vi har ikkje ventelister på institusjonsplassar og heimetenester. Vi har gjennomført brukarundersøkingar for bebuarane og pårørande på Aukraheimen og brukarane av heimeteneste med gode resultat. Dei aller fleste er fornøgd med tenestene dei får.

Tilbudet om dagopphald og matombringning har auka. Personalet har fått utvikla seg ved å delta på kurs og prosjekt både internt og eksternt.

Kompetanseheving

Vi har søkt midlar frå Fylkeskommunen til kompetanseheving. For 2006 fekk vi kr.50 000 til utdanning av ufaglærte og kr.50 000 til eit arbeidstidsordningsprosjekt. Tre assistentar er i gang med hjelpepleieutdanning og fire tok eksamen og vart godkjende hjelpepleiarar i 2006. Ein avdelingssjukepleiar er i gang med leiarutdanning

Dagopphald

Pr. 31.12.06 hadde 33 brukarar tilbud om dagopphald frå 1 til 5 dagar i veka, mot 23 i 2005. Alle får tre måltid mat, hjelp til nødvendig stell, sosialt samvær og aktivitetar. Dagtilbodet har auka frå 4 til 5 dagar pr veke, og 10 fleire personar får tilbud. Vi har 53 besøk kvar veke. Brukarane har etter kvart vorte meir hjelpetrengande slik at det er ei stor oppgåve for ein person når der er 12 personar samstundes.

Matombringning

Pr 31.12.06 fekk 33 forskjellige tilbod om middagsombringning frå 1 til 7 dagar i veka. Vi har godt samarbeid med pensjonistane som fortsatt køyrer ut maten både på

Julsundet og på Gossen. Ny pakkemaskin er på plass.

Inntaksnemnda har som tidlegare behandla alle søknader om langtids- og korttids plass, i tillegg til søknader om dagopphald, matombringning og omsorgsbustad.

Nemnda har til saman gjort 137 enkeltvedtak, fire av desse er avslag på søknad. Eit avslag vart anka, og fekk medhald. Alle som fekk avslag fekk tilbod om andre typer tenester enn det dei søkte om.

Heimeteneste / Bergtun

Stor auke i antal teneste-mottakarar; 130 mot 97 i 2005.6 brukarar av tenesta har behov for hjelp utover 35,5 timar pr veke. Vi har og brukarar med så stort hjelpebehov at det utløyste ekstra midlar frå staten. Fekk 1,6 mill for 2006. Vi har 15 heimar som mottek omsorgsløn i 2006, ei klage som fekk medhald

Teletun dagsenter

Psykiatrigruppa, 10 brukarar, har tilbud tirsdag og fredag. Gruppa har fokus på aktivitetar, nytt av året er potetskrelling for Coop. Møteplassen er forebyggande for innleggingar.

Bebuarane på Bergtun har tilbud mandag, onsdag og torsdag. Dei har fokus på bl a. vedarbeid.

Teletun er med på å auke livskvaliteten til bebuarane ved Bergtun.

Avvik

Arbeidsmarkedet er stramt og det har vore vanskeleg å få tak i vikarer, dette fører til press på dei tilsette om å arbeide meir enn ønskeleg. For å kunne ha ei fagleg forsvarleg drift 24 timar i døgnet har mangel på vikarer utløyst mykje overtid. Ved Aukraheimen har det vore ledige plassar heile året. Frå hausten 2006 har vi i perioder leigd ut sjukeheimplassar til Fræna kommune.



Vi opplever at legedekninga for pleie og omsorg er dårlegare pga av stort press på legekantoret. Teletun dagsenter psykiatri opplever å ha lite fagleg veiledning pga stort arbeidspress på psykiatrisk sjukepleiar. Stort arbeidspress på mellomleiarane, dei har ikkje nok tid til administrasjon og ledelse, personalet får ikkje slik oppfølging dei bør ha. Vi manglar omsorgsbustader. Har pr. i dag mange søknader. Dei fleste ønskjer å bu ved/på Aukraheimen.

Økonomi/KOSTRA

PLO hadde eit budsjett på kr 38 046 586. Rekneskapstala viser kr. 38.793.708 Aukraheimen hadde eit overforbruk på ca 1,5 mill skulda overforbruk både på lønn og anna drift og sviktande forventa inntekt. Heimetenesta hadde overskudd på 700 000,- Bergtun og Teletun var så vidt på pluss-sida. Overforbruken totalt vart på kr 700 000,-

Kostnad pr plass i institusjon: Kr 542 000,-
Kostnad pr mottakar av heimeteneste: kr 125 000,- (foreløpige tal). Kostratal er

dokumentasjon på utgifter pr tenestemottakar utan at det seier noko om hjelpebehovet, og omfanget av teneste til brukaren. IPLOS fortel oss noko om det; IPLOS- er systematisert standardinformasjon basert på individopplysningar om søker og mottager av kommunale helse- og sosialteneste. Det er eit obligatorisk verktøy for dokumentasjon, rapportering og statistikk for kommunane og sentrale myndigheiter. IPLOS vart teke i bruk frå mars 2006. 1. registrering vart gjort på bakgrunn av opplysningar vi hadde om brukarane. Nye registreringar vert gjort, så langt råd, i tett samarbeid med tenestemottakar og personens egne vurderingar blir lagt vekt på.

Investeringar

Sansehagen – oppstarta i 2006
Skisseprosjekt Utbygging Aukraheimen med målsetting å flytte heimetenesta til Aukraheimen, og oppgradering av bygningsmassen- ferdigstilt.

Ase Breivik
Einingsleiar

Helse og sosial



Budsjettramme

Budsjett er på kr. 7.202.000, og inkluderer legetenesta, miljøretta helsevern, ambulansesbåt, fysioterapi, psykiatri, helsestasjon med jordmorteneste og skolehelseteneste, økonomiske og sosiale tenester, omsorgsbustader, tryggleiksalarmer og avlastningstiltak for funksjonshemma og unge.

Målsetting

Helsetenesta skal gjennom kontakt, kunnskap, førebyggjande og behandlande tenester gje menneske tryggleik og evnen til å meistre egne liv. Innbyggjarane skal



ha god tilgang på nødvendig kurative og førebyggjande tenester.

Sosialtenesta har som mål å sikre økonomisk og sosial tryggleik, betre levekåra for vanskelegstilte og førebyggje sosiale problem. Sosialtenesta arbeider vidare for at den enkelte skal få høve til å leve og bo sjølvstendig og ha eit aktivt fellesskap med andre.

Måloppnåing og kommentarar på avvik

Innbyggjarane i Aukra kommune hører til dei 10 prosent av kommunane med lågast dødlighet. Samstundes har vi lågast forbruk av sjukehusstenester i form av liggedøgn.

Legekontoret har vidareført avtalen med Hydro og hadde 1404 konsultasjonar frå Ormen lange anlegget. Totalt var det 7743 konsultasjonar hos lege som er ei auke på 1000 konsultasjonar frå 2005. Det har vore 3056 henvendinger til legevakta, 57 % av dei frå Aukra kommune.

Securitas utførte 6 alkohol kontrollar, alle uten avvik. Det vart fatta 37 vedtak etter alkohollova. Alkoholomsetninga i Aukra var på 290.016 ltr (147.848 ltr) øl og rusbrus, 4986 ltr (2441 ltr) vin/cider og 387 ltr (460 ltr) brennevin. (Tala i parentes er omsetninga i 2005)

5 søkarar fekk innvilga kr 2 645.000 i startlån til kjøp av bolig.

Ny helsesøster starta i nyoppretta stilling i mai 2006 som vart finansiert av psykiatrimidlar. Det har vært 100 % oppslutning om alle kontrollar på helsestasjonen og alle ungar har fulgt anbefalt vaksineringsplan. Det vart født 46 born, 33 på Gossen og 13 på fastlandssida. Jordmor besøker mor og barn heime på Gossen, og helsesøster tar eit heimebesøk både til dei som bur på Gossen og på fastlandet.

Det har vore 100 % oppslutning om vaksineringsplan i grunnskolen. Ved både Julsundet, Riksfjord, Solem og Aukra

vidaregående skole har helsesøster faste tilbod. Det er også utført tuberkulose førebyggjande arbeid ved Ormen lange og vel 80 arbeidarar er undersøkt.

Dr. Riiber har kjørt 20688 km. 42 % er ambulanseturar, 14,3 % er transport av ambulanspersonell og vel 38 % er skyssav legevakslege. Båten fekk motorhavari som førte til ekstra driftskostnader.

Omsorgsbolig er bygd om til avlastningsleilighet som vert nytta av 2 born både i helgar, som del av SFO og ved sommaravlastning. På slutten av året vart arealet utvida til 2 omsorgsboligar slik at begge ungene kan få tilbod same helg. Tilbakemeldinga frå foreldra er gode.

Avvik

Ventilasjon og temperatur regulering på Helse og sosialsenteret er for dårleg. Behandlingsrom for fysioterapi tenesta er for små. Dette blir betre når heimebasert teneste flytter frå senteret til Aukraheimen. Det er ikkje molo for ambulansbåten og kai og bølgedempar har slitt seg. Ventetida for fysioterapi er for lang, opptil fleire mnd. Det bør bli betre oppfølging av individuell plan. Rehabilitering og rehabilitering bør bli betre organisert.

Økonomi / kostra

Regnskapet viser eit forbruk på kr. 6.716.711 eller eit overskot på kr. 485.519. Driftsutgifter pr innbyggjar både for helsetenesta og sosialtenesta ligg litt under gjennomsnittet i Møre og Romsdal.


Investeringar

Ombygging avlastningsbustad – gjennomført
Ideskisse Helse- og sosialsenteret - gjennomført

Roald Borthne
Einingsleiar



Plan, utvikling og samfunn



Utsnitt av kommuneplanens arealdel

Budsjettramme

Budsjettet er på kr 1 182 000. Ramma skal dekke kommuneplanlegging, reguleringsarbeid, oppmålingsarbeid, naturforvaltning, landbruk og næring.

Måloppnåing og kommentarar på avvik

Kommuneplan

Målsetjinga var å få ferdig kommuneplanen sin arealdel innan sommarferien. Arealdelen vart godkjent i kommunestyret den 21.06.06 med unnatak av bustadfelt B4 Mevold i Julsundet. Her hadde Statens vegvesen motsegn. Det vart leigd inn arbeidshjelp til kartkonstruksjon. Omfanget av dette arbeidet vart større enn først rekna med.

Kostnadane vart langt større enn budsjettert, men med mindre forbruk på konsulenthjelp til reguleringsarbeidet, gjekk ein omtrent i balanse for ansvar Kommuneplan og ansvar Regulering sett under eitt. På grunn av den stramme tidsfristen med arealdelen vart det gjort førebuande arbeid med samfunnsdelen mot slutten av året.

Regulering

Året starta med tilsetjing av reguleringsarkitekt. Polske Urszula Wolosz byrja i stillinga 06.02.06. Etter ein periode med internopplæring vart det produsert 7 reguleringsplaner i 2006 som vart førte fram til godkjenning.

Det vart vidare gjort arbeid med regulering av sentrumsområda på Falkhytten. Mykje tid vart brukt for å finne eigna sentrumsnære bustadområde og klarleggje framtida for Falkhytten gard. Etter 1.offentlege høyring vart reguleringsarbeidet lagt på is. Ein konkluderte med at reguleringsplanen ikkje kunne løyse dei mange konfliktane som kom til syne i høyringa. Arbeidet skal halde fram gjennom planprogram for sentrumsområda og ein kommunedelplan for området Nautneset – Falkhytten – Hukkelberg.

Kommunestyret har etterlyst reguleringsplan for bustadfelt på Mevold i Julsundet. Det vart gjennomført møte og synfaring med Statens vegvesen for å finne ei løysing som kunne oppheve motsegna til kommuneplanen sin arealdel.

I mangel av sentrumsnære regulerte bustadfelt vart det sett i gang utviding med tomter på Nerbøberg og Aukrasanden. Bustadfeltet Solem II vart gjort byggeklart og 1/3 av tomtene er no selde. I Julsundet kom det ikkje til byggeklare tomter i 2006. (Hollingen II og Hollingen, gnr 15 bnr 3 er ferdig regulert).

Oppmåling

Arbeidsomfanget for oppmåling og kartteknisk arbeid er omfattande. Sakshandsamingstida for oppmålingsaker er i gjennomsnitt 100 dagar



(rapportert til KOSTRA). Dette er ikkje tilfredstillande, Årsaka ligg noko i manglande kompetanse, men mest i for få medarbeidarar til å utføra oppgåvene.

Vi ligg etter på vedlikehald av viktige datasett som det digitale eigedomskartet (DEK) og grunneigedom, adresse og bygg (GAB). Dette etterslepet er ein alvorleg mangel ved pålagt rapportering frå kommunen. Manglane får konsekvensar med unøyaktige kart og til dømes vanskar for offentlege etatar som er avhengig av korrekt adressering. Det er leigd inn arbeidskraft i samband med førebuing av overgangen til den nye Matrikkel – føringa (samanslåing av datasetta DEK og GAB). Dette arbeidet har hatt framdrift i 2006, trass i mange datatekniske utfordringar, og ligg i rute til å bli ferdig innan overgangen til Matrikkel – føringa.

Det vart sett i verk arbeid med etablering av eit digitalt planarkiv. Gamle reguleringsplaner blir scanna og gjort tilgjengeleg digitalt som bilete eller gjennomgått og digitalisert på nytt. Dette lettar informasjonsflyten til omverda gjennom heimesidene våre og ved direkte førespurnad. Det står enno att ein del arbeid, men vi gjorde bra framsteg i 2006. Det er etablert gode rutiner for overføring av digitale kartdata, og kommunen kan levere slike data.

Landbruk

Oppgåveløysinga innan fagfeltet har hatt jamn framdrift i 2006. Produksjonstillegg-søknadane blir handtert innan dei fastsette fristane. Prosjektet med å gjera ferdig gardskart er gjennomført og avslutta med

bra resultat. Arbeidet med eit felles landbrukskontor har teke lengre tid enn føresett. Frå Aukra si side er overgangen førebudd praktisk og gjennom politisk handsaming.

Næringsretta arbeid

Oppgåva for kommunen innan dette fagfeltet har i første rekke vore å handsame søknader om tilskott frå næringsfondet og halde kontakt med Aukra næringsforum som organ for næringsdrivande i kommunen. I 2006 var det få søknadar om tilskott frå fondet. Det er sett i verk tiltak i samarbeid med Aukra næringsforum for å koordinere arbeidet overfor næingslivet.

Økonomi/KOSTRA

Rekneskapan viser eit overforbruk på kr.864.294. Dette skuldast hovudsakleg at innteningskravet innan oppmåling ikkje vart nådd, jfr. avsnitt oppmåling.

Investeringar


Plotter er innkjøpt.

Kjell Lode

Einingsleiar



Forvaltning, drift og vedlikehald



Budsjettramme

Budsjettet var på kr. 4.173,000. Ramma skal dekke aktivitetar innan bygningskontroll, VAR-området, vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar og kommunal samferdsel.

Mål

Målsettinga for forvaltning, drift og vedlikehald er å skape så godt resultat som mogeleg innafor dei rammer som blir tildelt. Kontaktpunkta mot publikum er mange og avdelinga arbeider løpande med å bli betre i vår kontakt med dei vi gir tenester til.

Måloppnåing og kommentarar på avvik

Forvaltning og byggesak

Behandlingstida for byggesøknader er godt innafor dei krav til saksbehandlingstid som er sett i lovverket. System for mottak av byggesøknad over internett vart oppretta siste år. Aukra har alt motteke dei første søknadene over nettet. Vi har noko etterslep på digitalisering og dokumentbehandling.

VAR (Vatn, avløp og renovasjon)

Målet for VAR- området i 2006 var å få gjennomført naudsynte endringar for å oppnå god, sporbar og sikker drift, spesielt innafor vatn og avløp der stikkord var

driftskontroll og HMS. Ca 75 % av VA leidningsnett er i løpet av 2006 lagt inn i leidningskartsystemet Gemini VA. Ca 30 % av driftskontrollsystemet Citek er sett i drift. Citek er eit digitalt system for oppfølging innafor drift og vedlikehald av vatn og avløp. Renovasjon er nå overtatt av RIR. FDV har hatt ein medarbeidar og maskin utleigd til RIR på mottaksstasjonen i 2006.

Kommunale bygg

Dei ulike ansvarsområda for bygg må sjåast i samheng. Føringa av leigeinntekter er ikkje lik i budsjett og rekneskap. Jfr vedlikehaldsrapporten utført av Firma Anders Overrein AS, er det berre det mest naudsynte vi kan få utført med budsjettet for 2006. Ca ¼ av middels nivå. Drifta i 2006 gjenspeglar denne realiteten.

Veg

Asfalteringsprogrammet for veg var gjennomført som planlagt i 2006 og generellt vedlikehald var betydeleg større enn tidlegare år. Isolert sett er det resultatet for veg på 118 % av budsjett.

Økonomi

Budsjettert ramme for 2006 var på kr 4.173.000. Rekneskapen viser eit resultat på kr 3. 918.693,-

Drifta av ambulanseskaiene, ansvar 6284, vart tilført FDV som nytt ansvarsområde etter at budsjettet for 2006 var vedteke. Det vil seie at det i budsjettet ikkje var sett av midlar.

Vatn og avløp har i 2006 vore i ein ny situasjon etter innfasinga av "Ormen Lange" anlegga. Dette gjeld både inntekts- og utgiftssida. Økonomien her er derfor ikkje lett å berekne verken for utgifts- eller inntektssida i 2006 og 2007. Noko overskott er sett av på driftsfond for avløp.



Investering (små prosjekt)

Kloringsvogn vassdrift – bestilt

Framdrift: Har bestilt utstyr for kr 70.000,00 Brukt 2006: 0 Budsjett kloringsvogn og spylevogn må sjåast i samanheng kr300.000,00 + kr 200.000,00 Rest 2007 :kr 70.000,-
Avvik/Merknad: Ikkje levert pr dato

Pumpeasjon Hoksneset –Ferdigstilt

Brukt 2006: kr. 695.528

Oppgradering vassnett – starta opp

Framdrift: Oppstarta forsyning Nerbøberg - innkjøpt rør og under bygging
Brukt 2006: kr 67.828,80 Rest 2007 : kr 432.171,200 Avvik/Merknad: Framdrift tilpassa feltutbygging

IK-avløp – Under arbeid

Framdrift: Dette prosjektet er starta. Brukt 2006: 0.-Rest 2007 : 100.000.-

Driftsovervåkning – under arbeid

Framdrift: Radio overvåkning av pumpeasjon Brukt 2006: 75.068,80 Rest 2007 : 24.931,20

Spylevogn avløp- ferdig

Brukt 2006 kr 431.250,00 Må sjåast i samanheng med kloringsvogn, jfr omtale over

Avløp Hoksnes – under arbeid

Framdrift - har kjøpt slamaskiller og rør. Er enige med oppsittarane, reknar med oppstart i mai 2007. Brukt 2006 : kr 21.756 Rest 2007: kr 300.000,00

Slamavskillar/Avløp Varhaug - ferdig

Brukt 2006 : kr 302.794

Ny brøyteplag - ferdig

Brukt 2006 : kr 104.362,50

Vegskjer m.v – i bestilling

Brukt 2006 : kr 71.915,00

Rest 2007 : kr 178.085,00

Avvik/Merknad: Problem med levering

Asfaltering grusvegar – ferdigstilt

Veglys - ferdig

Busskur – under arbeid

Framdrift : Leverast i veke 11/07

Brukt 2006 : 0,-

Rest 2007 : 100.000.-

Generelt bustadfelt - ikkje sett igang

Brukt 2006: 0.-

Avvik/Merknad: Venter på utbygger av bustadar på Hollingen

Prosjekt som har komme til i 2006:

Stein sentrum - ferdig

Brukt 2006 : kr 740.408,75

Arbeidsplattform Hukkelberg

høgdebasseng + tetting – delvis ferdig

Framdrift : Ferdig med plattform – tetting ferdig mars 2007

Kalkyle :kr 700.000,00

Brukt 2006 : kr 350.000,00

Riving Brannstasjon - ferdig

Brukt 2006: kr 110.000,00

Terje Urdsahals

Einingsleiar



Brann og beredskap



Budsjettramme

Den budsjetterte ramma er på 2 940 000. Ramma skal dekke brannvern, feiing, oljeberedskap og anna kommunal beredskap.

Mål

Målsettinga for Brann og beredskap er å vere førebudd, motivert og organisert på ein god og effektiv måte. Vi forsøker å ivareta dei utfordringane som etaten er pålagt, gjennom lov, forskrift og

samarbeidsavtalar, og ikkje minst samarbeid og øvingar med andre etatar. Interkommunale avtalar og skal fungere etter dei målsettingane som er beskrevet.

Måloppnåing med kommentarar på avvik Avdelinga sine oppgåver og arbeidsområdar er i hovudsak definert i Lov av 14.juni 2002 om vern mot brann og

eksplosjonar m.v. (brann og eksplosjonsvernloven) § 11. Aukra brann og beredskap har 23 personar som deltek i vakt, oppdrag eller andre oppgåver for etaten. Det var 25 utrykkingar i 2006 varsla gjennom 110 sentralen, i tillegg yter ein bistand i andre oppdrag

Måloppnåing om bygging av ny brannstasjon og kurs og opplæring for befall og mannskap er ikkje fullført.

Grunnen er manglande avklaringar og vedtak mellom AS Norske Shell – Ormen Lange drift og Aukra kommune om ein eventuell samarbeidsløysing/avtale mellom partane.

Økonomi/KOSTRA

Driftskostnadane totalt i forhold til budsjett er tilfredsstillande, med eit overforbruk på godtgjering for brannmannskapet. Kostratala for brann og beredskap viser at Aukra brukar kr. 755 i netto driftsutgifter pr innbyggjar. Til samanlikning viser tala frå Midsund kr 727, Nesset kr. 924 og Molde kr. 572 pr. innbyggjar.

Investeringar

Det er ikkje føretatt større investeringar i 2006.

Ole Bjørn Moen
Rådmann



Prosjektorg. Ormen Lange



Skoleelevar frå Aukra besøkte Easington i samband med opninga av Langeled, hausten 2006

I driftsbudsjettet skal aktiviteten knytt til utbygginga av anlegget på Nyhamna, dekkast av Hydro gjennom planavtalen. Det vil ikkje vere kommunale kostnader på dette ansvaret.

Det har vore aktivt samarbeid med utbyggingsoperatøren Norsk Hydro om å få gjennomført tiltak som gjeld kommunal infrastruktur og tilrettelegging for auka verksemd på Aukra. Felles saker er blitt drøfta i Samarbeidsforum (leiinga i Norsk Hydro, fylke og kommune), Kontaktforum på Nyhamna ein gong i månaden, og det har vore arrangert fleire grendelagsmøte for å informere naboane til gassterminalen.

Anleggsaktivitetane på Nyhamna nådde sitt høgaste nivå hausten 2006, med om lag 3500 arbeidarar frå 57 nasjonar. Aktivitetane har gått etter tidsplana.

Ein viktig milepel for Ormen Lange utbygginga vart nådd hausten 2006, med opninga av gassterminalen i Easington. God kontakt er etablert mellom kommunane i kvar ende av Langeled røyret.

Økonomi/investeringar

Utbyggingsavtalen kommunen har inngått med Norsk Hydro har som målsetting å kompensere for høgt aktivitetsnivå som følgje av anleggsveksemda på Nyhamna, og betre tilhøva for Aukra-samfunnet. I 2006 er det løyvd midlar til :

- Kulturelle aktivitetar
- Opprusting av vegar og trafikktrygging.
- Småbåthamn.
- Sosiale -, helse- og trivselsmessige tiltak.
- Brannberedskap
- Skjøtselplan

Tilleggsbelastningar (meirkostnader) for kommunen som følgje av Ormen Lange utbygginga, vert kompensert gjennom ein Planavtale. Dette omfattar m.a. tilskot til administrative og politiske tiltak i kommunen. Rekneskapan for 2006 viser at utgiftene gikk i balanse med budsjettet (avvik NOK 8000,-). Planavtalen med Norsk Hydro blir avslutta i 2007.

Måloppnåing /avvik

I samsvar med målsettinga har kommunen selt det lokale gassrøyret til eit operatørselskap, Aukra Gass AS. Aukra kommune har ein eigardel på knapt 10% i selskapet.

Etablering av ein ny avtale med nabokommunane for det politiske GassROR samarbeidet ("Samarbeidsavtale III") er framleis under handsaming. Kommunestyret i Aukra har godkjent avtalen, medan dei fire andre kommunane vil ha ei endring som gjeld framtidig økonomi.

Roy Ødegård
Prosjektmedarbeidar OL